



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd onsdag 10. januar 2018 kl. 18.00

På kommunehuset i sal 'Fjågesund og Brunkeberg'

Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Vaagen Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverje Kristen Salmelid

3 varamedlemmar til vart i tur og orden innkalla på kort varsel, men hadde ikkje anledning til å møta.

Prost Asgeir Sæle hadde si årlege vitjing av soknerådet på dette møtet.

Forfall:

Inger Lise Berge og Gunn Karin Eikåsen

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Servering ved Reidun Ø. Fisketjønn.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreassen og prost Asgeir Sæle)

Sak 01/18	Innkalling og saksliste	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Ei sak om Telemark prostiråd vart lagt til under eventuelt. Kyrkjeverja vart skrivar i Gunn Karin Eikåsen sitt fråvær. Elles vedteke som føreslege.</p>	
Sak 02/18	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 29.11.2017	HKA
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå møtet 29.11.2017, sendt ut på mail 07.12.2017, vart godkjend.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>	

Sak 03/18	Val av leiar og nestleiar	
	<p>Leiar og nestleiar av soknerådet veljast for eit år om gangen.</p> <p>Forslag til vedtak: Hans Kristian Aabø og Håkon Birkeland att-veljast som høvesvis leiar og nestleiar av Kviteseid sokneråd for 2018.</p> <p>Handsaming under møtet: Ingen av dei føreslegne stilte til attval. Drøftingar rundt bordet gav heller ingen resultat. Det vart mellom anna sagt at soknerådet er sårbart når det har så få medlemmar. Det er vanskeleg å ta på seg leiaransvar når ein mellom anna leiar underutval av soknerådet. Prosten påpeika at SR fyrst og fremst er eit beslutningsorgan. Andre oppgåver bør delegerast til andre viss det blir for mykje for kvar enkelt.</p> <p>Leiar meinte det ikkje var mogleg å halda fram med møtet utan ny leiar, og heva difor møtet.</p> <p>VEDTAK: Møtet vart heva utan vedtak i saka.</p>	